



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Norsk Bremuseum, Fjærland
Dato: 10.05.2023
Tidspunkt: 10:00

Velkomen til det andre møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2023.

Møtet finn stad onsdag 10.mai kl 10:00 på Feltstasjonen ved Norsk Bremuseum i Fjærland.

Vi satsar på å vere ferdig seinast kl 14:30 slik at dei som vil vere med på 30-års jubileum for Breheimsenteret i Jostedalen rekk dette.

Eventuelt forfall må meldast snarast til forvaltarane Trygve på tlf 95 79 44 84 eller Tor Arne på tlf 90 19 24 71.

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen!

Venleg helsing

Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge
Nasjonalparkforvaltarar

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 7/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 8/23	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 9/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om fasadeendring - Bødalssetra - Bødal sameige		2023/4414
ST 10/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Sunndalssætra - Fasadeendring Haraldeselet - Sverre Guddal		2023/3526
ST 11/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - retting av tiltak - verandadør på Haraldeselet Sunndalen		2023/3526
ST 12/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Dispensasjon - 2023 - Merking av analyseruter og uttak av små mengder plantemateriale - Arealrepresentativ naturovervåking ANO - Norsk institutt for naturforskning		2023/6078
ST 13/23	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
ST 14/23	Delegerte saker		
DS 1/23	Delegert vedtak - Dispensasjon - Jostedalsbreen nasjonalpark - Motorferdsel - Løyve til bruk av snøskuter og helikopter i samband med radarmåling av istjukkleik - 2023 - JOSTICE - Høgskulen på Vestlandet		2019/8670

ST 7/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 8/23 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar



Arkivsaksnr: 2023/4414-0

Sakshandsamar: Trygve Snøtun

Dato: 03.05.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	9/23	10.05.2023

Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om fasadeendring - Bødalssetra - Bødal sameige

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV pkt. 1.3 vedtek Jostedalsbreen nasjonalparkstyre å gje Bødal sameige løyve til:

- oppføring av tak over utekjøken på søraustre side av fellesbygget på brecampen ved Bødalssetra. Taket kan vere inntil 140 cm i breidde langs veggen, og ei lengde på 160 cm ut frå veggen.
- Sette inn nytt vindaug på gavlveggen på nordvestre side av fellesbygget. Vindauga kan vere inntil 75 cm i breidde og 100 cm høgt.
- Montere takrenne i tre over dei to inngangsdørene på fellesbygget.

Løyvet har følgjande vilkår:

- Tak over utekjøken demonterast før vinteren slik at det ligg langs veggen.
- Takrenne demonterast før vinteren.
- Takrenne og tak over utekjøken skal ha same farge som resten av fellesbygget.
- Nytt vindaug skal ha sprosser tilsvarende eksisterande vindaug.
 - Sjøppel frå arbeidet med tak, vindaug og takrenne skal takast med ut av området, og ikkje gravast ned eller deponerast innanfor nasjonalparken.
 - SNO skal kontrollere at tilbygget er gjennomført i tråd med vedtaket

Vi gjer merksam på at Jostedalsbreen nasjonalparkstyre berre gjer løyve etter verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark og naturmangfaldlova.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad om fasadeendring på Bødalsseter brecamp frå Hilde Hogrenning Ravnestad, datert 10.03.2023.
- Søknad om montering tak over utekjøken og nytt vindauga på brecampen på Bødalssetra, Arild Nesdal, Bødal sameige, datert 11.03.2023.



Saksopplysningar

Nasjonalparkforvaltarane hadde møte med Hilde Hogrenning Ravnestad i forkant av at søknaden vart sendt inn. Der vart det sagt at vi måtte ha skriftleg søknad om føremål, ei god skildring av kva som var tenkt og med bilete/teikning av planlagt tiltak, samt ei stadfesting frå Bødal sameige om at dette var ønskjeleg.

Søknaden:

1. *«Først på lista er å få bygt eit tak over eksisterande utekjøkken. Dette er det laga ei skisse på, som visar plassering, og utføring med på skrivne mål. Dette vil bli bygt i tre, beisa i same eksisterande farge til øvrige byggmasse på campen. Konstruksjonen vil være så ster at den skal kunne stå trygt i dei til tider svært sterke kastevindane som er der. Veggfeste vil bestå av fleire sterke hengsler. Dette av det at ein på vinterstid skal kunne legg ned taket langs yttervegg, og feste det for å bevare det trygt for harde snøvintrar og stormar. Stolpane blir også demontert, og oppbevart inne på felleshuset. Kjøkkenbenken er alt blitt tilpassa og utforma slik at den også skal passe best mogleg inn i dette utekjøkkenet, det er eit ynskje å bevare denne, og forbetre utekjøkkenet ytterligare i form av dette taket. Dette vil bidra til at det blir langt meir brukarvennlig uansett vær og forhold. Langsiktig mål er at Bødalseter brecamp framstår som fortsatt ein naturcamping, med gode fasilitetar nok til at det blir ein attraktiv overnattingsplass for fleire enn det har vore så langt. Dette også for å motvirke den situasjonen som har oppstått nede i Lodalen langs vatnet der, og i Kjenndalen.*
2. *Den andre søknaden som vi kjem med, er eit vindauge i gavlveggen på det øverste bygget mot setra. Der er det opparbeidd eit soverom for 5 personar, og på grunn av brannforeskriftene, skal der også være eit vindauge som kan fungere som rømmingsveg. Søker der om å få sett inn nytt vindauge der, med tilsvarande størelse og utforming som dei 2 eksisterande vindauga inn mot dalen har. Dette for å behalde utsjånad og symetri på bygnadane. Og dei eksisterande vindauga er godkjende mål på, som stettar kravet til rømmingsveg.*
3. *Den tredje delen av søknaden omhandlar å få montert opp ei kort takrenne over dei 2 dørene på fellesstova. Ei dør går til soverom, og den andre til felles opphaldsrom/møterom med meir. Denne vil også bli utforma i treverk, og beisa i eksisterande husfarge for å blende mest mogleg inn. Den vil også bli demontert, og tatt inn for vinteren. Dette er på grunn av den vedvarande dryppinga frå torvtaket, og til tider langvarige regnperioder. Dette fører til at ein ikkje kan unngå og bli ekstra våt når ein går ut og inn der.*

Håpet er, at med slike typar forbedringar, skal være med på å auke bruken av denne vesle perla av ein Bre-camp. Det å få fleire til å opne auga for enkel naturcamping inne i nasjonalparken, godt opparbeidde fasilitetar, ein spektakulær natur på absolutt alle kantar. Samtidig kan det være med og avlaste litt på villturismen, gjere folk endå meir bevisste på å bevare den sårbare naturen i Bødalen/Lodalen.»



①




Figur 1: Utekjøkenet er gjort klar for vinteren.



Figur 2: Utekjøkenet som det er i dag står om sommaren.



Figur 3: Det er søkt om å sette inn vindauga i gavlveggen i bygget til venstre i bilete. Vindauga er planlagt med same storleik som bileta viser ved utekjøkenet, 75 cm * 100 cm.



Figur 4: Teikning med mål på planlagt tiltak. Taket over utekjøkenet er tenkt å slåast ned om vinteren.

Teikningar frå søkar viser at det er planlagt å bygge eit tak over utekjøkenet. Breidda på taket som er tenkt festa i gavlveggen er 140 cm og vil vere 160 cm ut frå veggan for å dekke heile disken på utekjøkenet. Planen er at taket skal slåast ned om vinteren, som også utekjøkenet blir i dag. Vidare ønskjer ein å få sett inn eit vindauga i motsett gavlvegg i storleiken 75 cm* 100 cm. Dette vil vere viktig som rømmingsveg då bygget har eit soverom med 5 sengeplassar i denne delen av bygget. Det er også ønskje om ei takrenne i tre over dørene inn i bygget.

Heimelsgrunnlag

Søknaden blir vurdert i samsvar med:

1. Forskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark, datert 25. oktober 1991.
2. Naturmangfaldlova, datert 19. juni 2009 nr. 100.
3. Forvaltingsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Verneformål – forskrift

Føremålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er, jf. kapittel III i verneforskrifta:



- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

I verneforskrifta kapittel IV punkt. 1.1 heiter det at landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde og anlegg (...). I kapittel IV, punkt 1.3 står det vidare at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til mellom anna byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er frå 1994. Det var på denne tida brecampen på Bødalssetra vart etablert:

«Mange brefolk ligg i telt på Bødalssetra på sjølve stølsvollen. Omfanget er så stort at det er eit problem både for grunneigarane sin bruk av stølshusa og i høve til DNT si hytte der, i tillegg til ivaretaking av kvalitetane i stølsmiljøet. Forvaltningsstyresmakta vil saman med og etter initiativ frå grunneigarane sjå på evt. etablering av ein enkel teltplass med toalett som også kan nyttast av dagsturistar nokre hundre meter frå stølsvollen. Toalettet har fått tilskot gjennom friluftslivmidlar i 1994.»

Naturmangfaldlova

Tiltaket vert vurdert etter dei miljørettslege prinsippa som er nedfelt i naturmangfaldlova (nml) §§ 8 - 12.

Presedens

Tiltaket må vurderast opp mot presedensverknad og om det kan føre til uheldig utvikling av stølsområdet på Bødalssetra og for tilsvarande saker andre stader i nasjonalparken.

Vurdering

Bødalseter har ein karakteristisk tunstruktur med seterhus på eine sida av ei slags gate, medan uthusa ligg på den andre sida. Bødalen er eit populært område for både dagsbesøk og overnatting nær Jostedalsbreen. Grunneigarane på Bødalssetra fekk laga ein naturcamp for folk som ville campe ved setra, då omfanget av villcamping vart ei utfordring. Brecampen er eit inngjerda område litt over 100 meter frå Bødalssetra. Her er det plass til å slå opp telt, eit enkelt utekjøkken og toalett, samt fem sengeplassar i ei hytte/bu.

Utforminga av bygga på brecampen er i all hovudsak lik som på den gamle setra. Der er det vanleg med vindauga i gavlveggen, der desse har noko ulik storleik men lite dominerande, og dei fleste har sprosser. Det som er ulikt er at dei fleste stølshusa har inngangsdør i motsett gavlvegg, og har difor ikkje noko nytte av takrenne.



Det er tre punkt på brecampen som Bødal sameige ønskjer å utbetre/endre; tak over utekjøken, sette i vindauga i gavlveggen der soverommet er og ei kort takrenne over inngangsdørene.

Tak over utekjøken:

I dag er det laga eit fleksibelt utekjøken med diskplass til matlaging, vatn og utslagsvask. Denne blir demontert i vinterhalvåret. Tilbakemeldingar frå brukarane har vore at det er ønskjeleg med eit tak der ein lagar mat, då det ikkje er alternative plassar når det er dårleg ver. På grunn av mykje snø om vinteren, ønskjer ein på same vis som utekjøkenet at taket kan demonterast på vinteren. Dette er planlagt med at taket skal festast med solide hengsler i veggen slik at taket kan slåast inn til veggen, medan stolpane blir demontert.

Brecampen vart etablert for å hindre at det vart konflikt mellom grunneigarar, beitebrukarar og besøkande, og for å ta vare på kvalitetane i stølsmiljøet. Brecampen er enkelt tilrettelagt, men når det er dårleg ver ønskjer folk å kunne lage mat under tak. Taket som er planlagt er eit enkelt tiltak som stettar forventingar til brukarane, og er reversibelt. Det er ikkje tilsvarande tiltak andre stadar kring Jostedalsbreen, og ikkje tradisjonell byggeskikk. Likevel er det eit enkelt tiltak for å imøtegå krav som brukarane har for å nytte brecampen. Dette vil gjere campen meir brukarvennleg og slik gjere at fleire brukar denne i staden for villcamping i området. Tiltaket vil vere lite synleg frå Bødalssetra, då det er på motsett side av bygget.

Vindauga i gavlveggen:

På brecampen er det etablert eit fellesbygg med opphaldsrom og eit soverom med fem sengeplassar. På soverommet er det ikkje vindauga, noko det er krav om etter brannforskriftene. I stølsmiljøet på Bødalssetra er det vanleg med eit enkelt vindauga på gavlveggen, som det er søkt om her. Planlagt vindauga er 75 cm i breidde og 100 cm høgt, same storleik som på motsett side ved utekjøkenet, noko som skal stette kravet til rømningsveg. Tiltaket vil så langt nasjonalparkforvaltar oppfatar ikkje vere i strid med lokal byggeskikk eller kunne øydelegge stølsmiljøet, samstundes som krav til rømningsveg blir stetta.

Takrenne over inngangsdører:

Det er to inngangsdører ved sida av kvarandre på langsida for å komme inn i fellesbygget. På taket er det lagt torv som dryp ned på folk som går ut og inn av bygget sjølv når det ikkje regnar. Dette ønskjer Bødal sameige å løyse med ei kort takrenne i tre over dørene. Takrenna vil bli demontert om vinteren.

Kunnskapsgrunlaget (naturmangfoldlova § 8) er godt dokumentert. Det er god oversikt over kva som kan påverke naturverdiane og landskapet i området. Brecampen er etablert innanfor eit område som er kartlagt som naturbeitemark etter DN-handbok 13. Stølsmiljøet på Bødalssetra er spesielt og området er mykje besøkt av tilreisande. Brecampen vart i si tid etablert mykje fordi det var ønskjeleg å kanalisere besøkande og folk som ønskja å overnatte til ein eigna stad, og som ikkje kom i konflikt med grunneigarar og beitebrukarar. Tiltaka som er planlagt vil ikkje, så langt forvaltar kan sjå, forringe stølsmiljøet eller naturen på noko måte, men heller gje besøkande ei betre oppleving av staden. Tiltaka vil ha minimal påverknad av naturmangfaldet eller den samla belastinga av økosystemet, jf. § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning. Vidare er tiltaka mindre tilpassingar til brukarar og i forhold til brannforskrifter, og er reversible i forhold til naturmangfald. Tiltaka vil heller ikkje påverke opplevinga av stølsmiljøet på Bødalssetra negativt.



Det skal ryddast opp etter gjennomført arbeid og materiale og utstyr skal takast ut or området (naturmangfaldlova § 12). Etter det nasjonalparkforvaltaren kan sjå, føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og kva effektar tiltaket vil ha på naturmiljøet. Førre-var-prinsippet vert difor ikkje vektlagt i denne saka (naturmangfoldlova § 9). Ein kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til skade på natur og miljø som krev erstatning (naturmangfaldlova §11).

Konklusjon

Dei omsøkte tiltaka Bødal sameige ønskjer å gjennomføre på brecampen er for å gje dei besøkande betre opplevingar av området, samt å støtte krava om rømmingsveg frå soverommet i fellesbygget. Tak over utekjøken og takrenne over inngangsdørene er mindre tilpassingar for å gjere brecampen meir brukarvennleg, men på ein minimalistisk måte. Vindauga som er omsøkt i gavlveggen på fellesbygget tilsvarar korleis stølshusa på Bødalssetra er bygd, og vil ikkje bryte med eksisterande bygningar. Vidare er det naudsynt for å sikre bygget med rømmingsveg.

Brecampen vart etablert for å hindre villcamping i området, og heller samle dei på eigna stad. Då er det viktig at denne staden har tilfredsstillande fasilitetar som gjer at besøkande får ei god oppleving. Med desse avgrensa tiltaka vil brecampen på Bødalssetra bli eit godt alternativ for besøk og overnatting.

Med heimel i verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV pkt. 1.3 meiner nasjonalparkforvaltar at det er grunnlag for å gi løyve til omsøkte tiltak på brecampen på Bødalssetra. Dette gjeld tak over utekjøken, takrenne over inngangsdører og nytt vindauga i gavlveggen på fellesbygget.



Arkivsaksnr: 2023/3526-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 03.05.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	10/23	10.05.2023

Jostedalsbreen nasjonalpark - Sunndalssætra - Fasadeendring Haraldeselet - Sverre Guddal

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev avslag på søknaden om fasadeendring på Haraldeselet på Sunndalssætra. Vedtaket om avslag er gjort med heimel i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 1.1. og punkt 1.3.

Saksopplysningar

Dokument i sak:

- Søknad om fasadeendring motteke 01.04.2023, del av svar på førehandsvarsel
- Førehandsvarsel – Krav om retting - 29.93.2023
- Styresak 4/23 Jostedalsbreen nasjonalpark – Krav om retting – Verandadør Haraldselet

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfaldlova)
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark (1994)

Bakgrunn for saka

Sverre Guddal (tiltakshavar) fekk i utvalssak 04/17 den 27.02.2017 løyve til restaurering av Haraldeselet. I løyvet vart det stilt fleire vilkår.

Tiltakshavar oppdaga under arbeidet med restaureringa av selet at det store glaset i vestveggen (sjå figur 1) hadde råteskader og burde skiftast. Tiltakshavar tok då kontakt med nasjonalparkforvaltar pr telefon, og det vart gjeve klarsignal til å skifte dette, så lenge det nye glaset ikkje vart større enn det gamle. I vilkåra gitt i løyve til restaurering står fylgjande om vindauge «...*Vindauga i selet ikkje skal utvidast frå dagens storleik, og dersom vindauge skal bytast ut, skal dei nye ha småruta glas, slik som byggeskikken på Sunndalssætra er.*»



Figur 1 Vestveggen av Haraldeselet før restaurering

Tiltakshavar sette så inn ei altandør i vestveggen i staden for eit nytt vindauge (sjå figur 2). Statens naturoppsyn var hausten 2017 på synfaring på Sunndalssætra og varsla nasjonalparkforvaltar om verandadøra, som tilsynelatande ikkje var i tråd med søknaden og løyvet som var gjeve. Sjå styresak 4/23 for utfyllande informasjon om saksgangen mellom hausten 2017 og våren 2023.

Nasjonalparkstyret har i brev datert 29.03.2023 sendt førehandsvarsel til tiltakshavar om at dei ser på innsetjing av ei verandadør i staden for vindauge som eit brot på vilkåra sett i løyve til restaurering, og vil krevje retting. Tiltakshavar vil då verte pålagt å fjerne verandadøra i vestveggen og erstatte den med eit vindauge, liknande det som var der før restaureringa vart gjennomført.

Søknaden

Tiltakshavar har i sitt tilsvaret til førehandsvarselet søkt om fasadeending. Det vert søkt om løyve til å byte ut glaset som stod i vestveggen med døra som no står der, ei altandør med glasfelt med seks ruter i øvre del. Nedre del av døra vil bli forblenda med trepanel med same farge og profil som resten av vegg (sjå figur 2). Forblendinga vil bli montert slik at den enkelt kan monterast/demonterast og bli teken av når selet er i bruk, slik at den kan nyttast som rømmingsveg ved brann. Om det er ønskeleg kan også dei nedste to glasrutene



forblendast, for å redusere storleiken på vindaugsflata. Til søknaden er det lagt kopi av ein rapport etter brannsyn utført 23.06.2022, som viser at kravet til rømmingsveg er oppfylt med døra som i dag står i vestveggen.



11.06.2020



20.09.2021

Figur 2 Vestveggen etter at dør er montert, med og utan forblending.

Tiltakshavar meiner at det visuelle inntrykket av vestveggen vil vere meir i tråd med tradisjonell byggeskikk med ei delvis forblendt dør enn med det større vindauga som stod der før.

Ved avslag på denne søknaden vil tiltakshavar setje inn ein kopi av det gamle glaset. Dette vil ivareta tryggleik ved bruk av selet, og krav om rømmingsveg. Tiltakshavar meiner dette er ei lite ønskeleg løysing, og at eit så stort vindauge vil vere eit brot med gamal byggeskikk.

Lovgrunnlaget

Verneforskrifta

Føremålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er definert i kapittel 3 i verneforskrifta:

«Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.



- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.»

Landskapet er etter verna mot alle inngrep, verneforskrifta kapittel 4 punkt 1.1.

Kapittel 4, punkt 1.2., 1. strekpunkt seier at:

«Reglane i punkt 1.1. er ikkje til hinder for:

- at eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggeskikken på staden, men ikkje endrast, byggjast om eller utvidast.»

Kapittel 4, punkt 1.3., 1. strekpunkt seier at:

«Forvaltningsstyresmakta, eller den som får fullmakt til det kan når særlege grunnar ligg føre gje løyve til:

- byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnd under punkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området»

Naturmangfaldlova §§ 8-12

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal kome fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Vurderingstema i denne saka vert om der ligg føre særlege grunnar, jamfør kap. 4 punkt 1.3., 1. strekpunkt i verneforskrifta, for å gje løyve til fasadeendringa som omsøkt. Søkjar argumenterer med funksjonen ei dør vil kunne ha som rømmingsveg, og at det gamle vindauget var stort og eit brot med tradisjonell byggjeskikk.

Sakshandsamar vurderer at det vil vere eit større brot med tradisjonell byggjeskikk å setje inn ei altandør i staden for eit vindauge likt det som stod i veggen frå før. Sjølv om deler av døra vert blenda av når det ikkje bur folk i selet, for at den skal likne meir på eit vindauge. Når det bur folk i selet, og forblendinga vert teke ned for at rømmingsvegen skal fungere, vil døra sjå ut som, og lett kunne fungere som ei terrassedør ut på treplatninga/terrassen. Noko som etter sakshandsamar si vurdering vil vere eit klart brot på tradisjonell byggjeskikk i eit stølsmiljø.

Det er og grunn til å spørje om det er nødvendig med ein ekstra rømmingsveg i tillegg til utgangsdøra i eit sel på ein etasje. Kravet til rømmingsveg for ein einebustad på eit plan er at det skal vere ein utgang rett ut på bakkeplan. Dette kan vere inngangsdøra.

Faren for uheldig presedens er stor dersom det i denne saka vert gjeve løyve til å setje inn ei ekstra dør som rømmingsveg i denne typen stølsbygningar. Dersom det er nødvendig å installere rømmingsveg i mindre stølsbygningar/sel, bør løysingar med bruk av vindauge som rømmingsveg vere meir aktuelt.

Sakshandsamar vurderer at innsetjing av eit tilsvarande vindauge som stod i Haraldeselet før restaurering i 2017 vil vere ei god løysing også for framtida. Dette vil ikkje vere i strid med



løyvet som er gitt. I teikningane, som var del av søknaden om rehabilitering, er det vist eit vindauge i vestveggen av same storleik som då stod i. Eit vindauge av same storleik og form vil også kunne nyttast som rømmingsveg. Dette tilseier at det ikkje er særlege grunnar for å gje løyve til fasadeendring i denne saka.

Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

§ 8 kunnskapsgrunnlag: Sakshandsamar meiner at vi har godt kunnskapsgrunnlag i saka ut i frå søknaden. Vi har vore på staden ved andre høve, så vi har danna oss eit bilete av selet.

§ 9 føre-var-prinsippet: Sakshandsamar vurderer at å endre frå eit vindauge i vestveggen til ei dør vil kunne medføre uheldig presedens for liknande saker. Dersom det vert gjeve løyve til fasadeendring som omsøkt vil det kunne medføre uheldig presedens med negativ konsekvens for verneverdiane knytt til stølsmiljøa i Jostedalsbreen nasjonalpark og andre verneområde.

§ 10 økosystemtilnærming og samla belastning: Tiltaket vil ikkje medføre auka belastning på økosystemet, men tiltaket vil medføre auka samla belastning på kulturlandskap og kulturminneverdiar som og er ein del av verneføremålet i Jostedalsbreen nasjonalpark. Nml §§ 11-12 er ikkje vurdert i denne saka då det er innstilt på avslag i saka.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldslova §§ 8-12, vurderer nasjonalparkforvaltar at det ikkje ligg føre særlege grunnar til å gje løyve til fasadeendring, og at eit løyve i denne saka vil kunne medføre uheldig presedens for seinare saker.



Arkivsaksnr: 2023/3526-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 03.05.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	11/23	10.05.2023

Jostedalsbreen nasjonalpark - retting av tiltak - verandadør på Haraldeselet Sunndalen

Innstilling frå forvaltar

Det er sett inn ei verandadør i vestveggen på Haraldeselet på Sunndalssætra, dette er i strid med løyve gitt etter verneforskrifta. Vi viser til følgjande utvalssaker handsama av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 04/2017 *Løyve til restaurering av Haraldeselet på Sunndalssætra*, 04/2023 *Krav om retting – Verandadør på Haraldeselet* og 10/2023 *Sunndalssætra – Fasadeendring Haraldeselet*.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre pålegg tiltakshavar Sverre Guddal å fjerne døra som er sett inn i vestveggen på Haraldeselet på Sunndalssætra gnr 18/7, og erstatte den med eit vindauge, jf vedtak i styresak 4/17 av 27.02.2017. Endringa skal vere gjort innan 15.september 2023. Vedtaket er gjort med heimel i naturmangfaldslova § 69, fyrste ledd. Retting av tiltaket inneber følgjande:

- Verandadøra som i dag står i vestveggen på Haraldeselet skal fjernast og erstattast med eit vindauge. Storleiken på vindauget skal ikkje vere større enn det som var der før restaureringa av selet, men kan vere mindre. Det er ynskjeleg med småruta glas, meir i tråd med tradisjonell byggeskikk.
- Alt avfall skal fraktast ut av nasjonalparken. Reint ubehandla (umåla) trevirke kan brennast i omnen, eller på nærare bestemt plass, i samråd med forvaltar. Material som trengs til tiltaket skal lagrast forsvarleg, og det som ikkje vert brukt skal fraktast ut att av nasjonalparken.
- Det skal sendast rapport til nasjonalparkstyret straks rettinga er gjennomført, og innan 30.09.2023. I rapporten skal det leggjast ved bilde som dokumenterer at arbeidet er utført. Det kan verte aktuelt med etterkontroll.
- Dersom fristen ikkje vert overhalden, vil nasjonalparkstyret vurdere tvangsmulkt jf. naturmangfaldslova § 73 fyrste ledd.

Søkjjar har tre veker klagefrist og kan be om oppsetjande verknad til ein eventuell klage er ferdig handsama.



Nasjonalparkstyret nasjonalparkforvaltar får fullmakt til å innvilge utsett iverksetjing av vedtak dersom saka vert klaga på.

Vi gjer merksam på at søknad om løyve til frakt av material som krev motorisert ferdsel må sendast nasjonalparkstyret i god tid før planlagt flyging.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Svar på førehandsvarsel – Dør i vestveggen på Haraldeselet på Sunndalssætra *Sverre Guddal 01.04.2023*
- Førehandsvarsel - Krav om retting – Verandadør i Haraldeselet Sunndalen, *Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 29.03.2023*
- Vedtak – Jostedalsbreen nasjonalparkstyre – Krav om retting – Verandadør Haraldeselet – *29.03.2023*
- Søknad med planteikning frå *Sverre Guddal 18.01.2017*
- Utvalsak 04/17 - Løyve til restaurering av Haraldeselet på Sunndalssætra – *27.02.2017*
- Bilete frå nyare og eldre tid på Sunndalssætra
- Saksprotokoll frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre *30.10.2017*
- Førehandsvarsel – styret vurderer krav om retting - *17.11.2017*
- Uttale frå tiltakshavar *Sverre Guddal – 29.11.2017*
- Saksprotokoll utvalssak 43/17 -Vurdere krav om retting – *07.12.2017*
- Presiseringar knytt til løyve til restaurering av sel Sunndalssætra – *13.02.2018*
- Epost med utdrag frå protokoll frå styremøte *27.11.2018 – datert 10.12.2018*
- Veileder M-617 – Oppfølging av ulovlige forhold i verneområder – Miljødirektoratet *2016*

Saksutgreiing

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gav i sak 04/17 løyve til restaurering av Haraldeselet på Sunndalssætra. Under restaureringsarbeidet vart det oppdaga at eit vindauge i vestveggen, som eigentleg ikkje skulle skiftast, hadde roteskadar og burde skiftast. Tiltakshavar skifta då ut vindauget og sette inn ei verandadør i staden. Dette vart oppdaga av SNO som varsla nasjonalparkforvaltar. Nasjonalparkstyret har ved fleire høve handsama saka og konkludert med at endringa er eit brot på vilkåra gjeve i løyvet gjeve i sak 04/17.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre handsama i styresak 04/23 saka på nytt og vedtok å varsle tiltakshavar om at dei vurderer å fremje sak om retting av tiltak. Tiltakshavar fekk 14 dagars frist til å uttale seg til førehandsvarselet.

I brev datert 01.04.2023 har tiltakshavar kome med tilsvar til førehandsvarselet. Der står det følgjande:

«Sak: Dør i vestveggen på Haraldeselet på Sunndalssætra



Som tidlegare gjort greie for i saka, vart det ved renovering av Haraldeselet funne at det store glaset i vestveggen hadde såpass store roteskadar at det burde skiftast. Glaset som stod der var tidlegare brukt i eit bustadhus. Det var todelt med kraftig midtstolpe og sidehengsling på begge sider. Glaset var eigentleg for stort, og inntrykket var forsøkt dempa med utanpåliggande sprossar. Storleik og hengsling gjorde at glaset også fungerte som ein effektiv naudutgang. Dette var særleg viktig om vinteren då utgangsdøra kunne bli blokkert av snø frå taket.

Behovet for naudutgang endra seg då utdøra vart flytta til austveggen, og snøproblematikken vart løyst. Samstundes vart det ei ny utfordring i høve brann. Med kjøkkenavdeling med kokeapparat i den gamle/austlege delen av selet vart naudutgang i vestenden meir aktuelt enn nokon gong. Dette fungerte tilfredsstillande med det gamle store glaset.

Under oppussing av selet, då ein såg tilstanden på glaset i vestveggen, vart det teke telefonisk kontakt med nasjonalparkforvaltar angående dette. Det vart oppfatta som ikkje søknadspliktig dersom det nye glaset ikkje var større enn det gamle, og det var ynskjeleg med småruta glas meir i tråd med tradisjonell byggeskikk. Har tidlegare gjort greie for kvifor det vart vald ei altandør. Ved forblending av nedre del av døra vil den framstå som eit småruta glas med seks ruter, og eg trudde det var innafør det som var avtalt på telefon. Slik døra er i dag med forblending av nedre del og utan dørvridar på utsida vil den ikkje ha funksjon som ei vanleg ytterdør, men fungere som ein rømmingsveg i tråd med tilråding frå det kommunale branntilsynet.

Seinare reaksjonar og vedtak i nasjonalparkstyret tyder på at styret er av ei anna meining. Med dette som bakgrunn kjem hermed:

Søknad om fasadeendring på Haraldeselet på Sunndalssætra.»

Søknad om fasadeendring er handsama i eiga sak styresak 10/23.

Vurdering

Sakshandsamar viser til saksutgreiing og vurderingar gjort i styresak 04/23 – *Krav om retting – Verandadør på Haraldeselet* og styresak 10/23 *Sunndalssætra – Fasadeendring Haraldeselet*.

Det er slik sakshandsamar vurderer det ikkje kome fram nye og vesentlege moment i saka. Nasjonalparkstyret bør difor stå fast med vedtaket om å krevje retting av tiltak.



Arkivsaksnr: 2023/6078-0

Sakshandsamar: Trygve Snøtun

Dato: 03.05.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	12/23	10.05.2023

Jostedalsbreen nasjonalpark - Dispensasjon - 2023 - Merking av analyseruter og uttak av små mengder plantemateriale - Arealrepresentativ naturovervåking ANO - Norsk institutt for naturforskning

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtek å gje Norsk institutt for naturforskning (NINA) løyve til å gjennomføre datainnsamling som omsøkt for følgjande prøveflate i Jostedalsbreen nasjonalpark, i Sunnfjord kommune:

- ANO-flate 1111. X:54250, Y:6853750

Løyvet er fatta med heimel i § 48 i naturmangfaldlova.

Følgjande vilkår gjeld:

- Løyvet gjeld for følgjande tiltak:
 - setje ned to små metallrøyr i samanheng med merking av ruter for analyse (til saman 18 ruter pr. ANO-flate/område). Røyra skal brukast til å finne att posisjonen på ruta frå år til år når ruta skal analyserast på nytt.
 - uttak av små mengder plantemateriale i forbindelse med registrering av artar.
- Aluminiumsrøyra som blir nytta som fastmerker skal vere 1 cm i diameter og lengde 5-10 cm. Merkene skal settast heilt ned i jorda slik at dei er lite synlege.
- Merkene skal ikkje borast fast i fjell/stein. Ueigna stadar for fastmerking skal kun merkast på GPS.
- Alle metallrøyr og anna materiale nytta i prosjektet skal takast ut av verneområdet når prosjektet er ferdig.
- Det må etablerast gode rutinar for registrering av kvar det blir sett ut metallrøyr i bakken slik at ein sikrar at alle røyra blir henta inn når prosjektet er ferdig.



- Løyvet gjeld fram til prosjektet er avslutta. Metallrøyra skal fjernast så snart prosjektet er avslutta.
- All ferdsel i samband med registreringane skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

Vi gjer oppmerksom på at dette løyvet berre gjeld i forhold til naturmangfaldlova og verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eventuelle løyver etter anna lovverk frå Sunnfjord kommune og grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Norsk institutt for naturforskning, NINA, datert 19.04.2023.

Saksopplysningar

Søknaden er attgjeven her:

«Norsk institutt for naturforskning skal på oppdrag fra Miljødirektoratet utføre kartlegging i forbindelse med det nasjonale overvåkingsprogrammet "Arealrepresentativ naturovervåking (ANO). Programmet samler blant annet inn data på viktige indikatorer for fagsystem for økologisk tilstand. Overvåkingsprogrammet vil ikke fokusere på resultater fra enkeltområder, men alle innsamlede data vil tilsammen gi en nasjonal statistikk på langsiktige endringer i norsk natur. For mer informasjon, se Arealrepresentativ naturovervåking (ANO) (nina.no).

Overvåkingsflater er fordelt over hele fastlands-Norge, valgt fra SSBs rutenettverk med 500x500 meter flater. I hver flate er det lagt ut et forband på 18 punkter som undersøkes hvert femte år. På hver av de 18 punktene i en ANO-flate registreres vegetasjon i en 250 m2 sirkel og en kvadratmeterrute i midten av sirkelen. Siden ANO er et langsiktig overvåkingsprosjekt, så merkes kvadratmeterruta med to fastmerker for å gjøre det mulig å finne tilbake til eksakt samme rute fem år senere.

Datainnsamlingen i ANO gjøres på faste punkter og inkluderer to komponenter:

- *Registrering av variabler for økologisk tilstand, herunder artssammensetning, vegetasjonsdekning og vegetasjonsstruktur.*
- *Kartlegging av naturtyper etter NiN kartleggingsinstruks for målestokk 1:5000.*



Følgende flater har havnet innenfor Jostedalsbreen nasjonalpark:

- ANO-flate 1111. X:54250, Y:6853750


For kart over lokalitetene, se vedlegg under.

Det søkes herved om dispensasjon til kunne sette ned to metallrør i forbindelse med merking av analyseruter, til sammen 36 merker pr 500 x 500 m ANO-flate. Fastmerkene som benyttes er aluminiumsrør med 1 cm diameter og lengde 5-10 cm (avhengig av terreng). Merkene blir satt helt ned i jorda, slik at de er svært lite synlige. Dersom punktene havner på stein eller annet materiale som er uegnet for fastmerking, blir punktene kun merket på GPS. Når prosjektet avsluttes, vil alle fastmerker fjernes.

I tillegg kan det bli aktuelt med uttak av små mengder plantemateriale til belegg for artsbestemmelse. Feltarbeidet vil foregå i tidsrommet juli-september i sesongen 2023. All ferdsel i forbindelse med kartleggingen vil skje i tråd med frilufslovens regler om ferdsel og god ferdselskultur.»



Figur 1: Plassering av ANO-flate 1111 i Jostedalsbreen NP. Oransje prikk viser flatas midtpunkt.



Figur 2: ANO – flate 1111: Dei 18 punkta er markert med gult. Flata er planlagt kartlagt i 2023.

Heimelsgrunnlag

Verneformål – forskrift

Formålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

I verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel VI vart det opna for at forvaltingsstyresmakta kan gjere unnatak frå vernereglane til dømes vitenskaplege granskingar når det ikkje strir mot verneføremålet. Dette kapitlet er blitt erstatta av naturmangfoldloven §48 når denne vart vedteken i 2009.



Tiltaket skal difor vurderast mot nml §48. Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strir mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneleg.

I verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark står det at vegetasjon, også daude buskar og tre, er verna mot all slags skade og øydelegging som ikkje kjem av vanleg ferdsle og tradisjonell beiting i utmark, jf. kapittel IV, punkt 2.1. Forvaltingsstyresmakta kan i denne samanhengen gje løyve til forskingsaktivitet innanfor verneområdet med heimel i naturmangfaldlova § 48, når vilkåra for å gje slikt løyve er oppfylt.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen står følgande om forskingsaktivitet:

«Jostedalsbreområdet har eit stort potensiale for forskning og undervisning m.a. innafør geologi, glasiologi, botanikk, zoologi, økologi og meteorologi.»

Vidare står det i retningslinene: *«Forskning og undervisning i Jostedalsbreområdet er positivt og nyttig, men forskning og undervisning må ikkje gå ut over verneverdiane og verneinteressene.»*

Naturmangfaldlova

I tillegg til behandling etter verneforskrift/naturmangfaldlov må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlovenes miljørettslege prinsipp som er nedfelt i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar, samt miljøforsvarlege tekniskar og driftsmetoder), jamfør § 7.

Vurdering

På oppdrag for Miljødirektoratet søker Norsk institutt for naturforskning (NINA) om å få utføre vegetasjonskartlegging i samband med prosjektet «Arealrepresentativ naturovervåking» (ANO) innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark. ANO er et nasjonalt overvåkingsprogram som samlar inn data på viktige indikatorar for fagsystem for økologisk tilstand. Prøveflata, som er 500x500 m stor, ligg i Jostedalsbreen nasjonalpark. Det er gjeve løyve til same formål/prosjekt i andre verneområde i Noreg tidlegare.

I § 33 bokstav h i naturmangfaldlova står det at eit av føremåla med områdevern er bevaring av referanseområder for å følgje utviklinga i naturen. I denne samanhengen må det gjerast vitskapelege registreringar for å dokumentere naturens utvikling. Eit nasjonalt prosjekt som dette, med et nettverk av flater, er i tråd med et slikt mål. I forvaltningsplanen er det tydeleg retningsline på at Jostedalsbreen nasjonalpark skal kunne nyttast til forskning og undervisning, så lenge det er i tråd med verneføremålet, og nytten overstig skade/ ulempe for naturmiljøet.



I praksis er det ut frå søknaden søkt om følgjande tiltak innanfor prøveflata:

- setje ned to små metallrøyr i samanheng med merking av ruter for analyse (til saman 18 ruter pr. ANO-flate/område). Røyra skal brukast til å finne att posisjonen på ruta frå år til år når ruta skal analyserast på nytt.
- uttak av små mengder plantemateriale i forbindelse med registrering av artar.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om området og konsekvensane av tiltaket. Med bakgrunn i databasar (naturbase og artsdatbanken), forvaltningsplanen for Jostedalsbreen og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt. Det er god oversikt over biotopar og artsmangfald i området.

Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget meiner nasjonalparkforvaltar at det ikkje er nødvendig å ta i bruk føre-var-prinsippet (§ 9) i saken. Slik det er beskrive i søknaden vil metallrøyra knapt vera synlege og plantematerialet som eventuelt blir teke ut er av marginal mengde. I forhold til økosystem-tilnærming og samla belastning, vurderer nasjonalparkforvaltar at det er forsvarleg å tillate tiltaka slik dei er skildra i søknaden frå NINA. Det er ikkje vurdert at verneverdiane eller verneformålet blir nemneverdig påverka ved gjennomføring av tiltaka. Den samla belastninga vil ikkje bli større enn den er i dag, dersom vilkåra blir følgt. Det er viktig at tiltakshavar har gode rutinar for registrering av kvar det blir sett ned metallrøyr, slik at det er mogleg å finne att røyra når prosjektet er ferdig (§10). Tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er naudsynt for at naturmangfaldet ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort, kan tiltakshavar bli pålagt å setja i verk tiltak for å rette skaden i ettertid. Når det gjeld miljøforsvarlege teknikkar sikrast dette gjennom vilkåra som er stilt i saka (§§ 11-12).

ST 13/23 Orienterings- drøftings- og referatsaker
ST 14/23 Delegerte saker



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Rådhusvegen 1
6868 Gaupneststed

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3139
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen>

Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 BERGEN

Sakshandsamar Trygve Snøtun

Vår ref. 2019/8670-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 17.03.2023

Delegert vedtak

Delegasjonssak	1/2023
----------------	--------

Delegert vedtak - Dispensasjon - Jostedalsbreen nasjonalpark - Motorferdsel - Løyve til bruk av snøskuter og helikopter i samband med radarmåling av istjukkeleik - 2023 - JOSTICE - Høgskulen på Vestlandet

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 15.03.2016, vert det gjort fylgjande vedtak:

Dokument i saka

- Rapport og søknad frå Høgskulen på Vestlandet ved Mette Gillespie, datert 17.02.2023.

Søknaden


Høgskulen på Vestlandet ved Mette Gillespie, heretter kalla HVL, søkte i e-post datert 17.02.2023 om løyve til motorferdsel i samband med forskingsaktivitet i JOSTICE. JOSTICE er eit stort forskingsprosjekt som fokuserer på Jostedalsbreen og korleis denne påverkar områda rundt. Ein viktig del av prosjektet er å kartlegge istjukkeleik og topografien under breen. Til dette arbeidet blir det nytta radar som er festa anten til snøskuter eller til helikopter der det er uråd å komme til på anna måte.

Sjølv om feltarbeid vart utsett i 2020 grunna covid-19, vart feltarbeidet vellukka både 2021 og 2022. Mykje av det planlagde feltarbeidet er gjennomført, og resultatane som etter kvart kjem vil gje oss ny informasjon om Jostedalsbreen. For våren 2023 er det planlagt inntil to dagar med radarmåling frå helikopter og 3 dagar med radarmåling med snøskuter i perioden mars og april. Dette er mest truleg siste feltsesong i forskingsprosjektet JOSTICE, og målingane vil vere viktige for å komplimentere allereie innsamla data.

I søknaden frå HVL står det:



«JOSTICE budsjettet for radarmålinger av is- og snøtykkelsen på Jostedalsbreen er nå mer eller mindre brukt, men vi var så heldig å få tilslag på en søknad til UH-Vest om ytterligere målinger i området ved Bøyabreen. Dette prosjektet er en ny del av JOSTICE og søknaden ble utarbeid sammen med Bremuseet i Fjærland. Formålet med forskningsprosjektet er å utføre en detaljstudie av ruten flyet som styrtet i 1972 har reist gjennom isen til fronten av Bøyabreen, og også lage en ny utstilling på museet. I den forbindelse ønsker vi å forbedre målingene ved Bøyabreen med nye helikopter radarmålinger. Om vi får løyve til å fly, så ønsker vi å måle i andre områder også, så flytiden blir utnyttet på best måte i forhold til det endelige produktet som er istykkelseskartet til Jostedalsbreen. Vi håper at det er mulig å fly fra Fjærland for å øke flytiden på breen. Et forslag til rute er vist på figur 6 (prioritet 1), men dette må selvfølgelig planlegges i mer detaljer med piloten. Hver flyving er forventet å ta omtrent 4 timer, og under datainnsamlingen flyr vi langsomt, sirka 30 m over breoverflaten. Vi må ha best mulige værforhold for denne delen av feltarbeidet og utstyret er til rådighet hele april. Vi kommer selvfølgelig ikke til å ha aktivitet i påsken.




Figur 6. Forslag til rute for målinger med helikopter radarsystem.

Figur 6 viser to forslag til ruter med helikopter radarsystemet. Vi ønsker å prioritere målinger ved Bøyabreen og omkringliggende områder og også ismassene vest for



Tunsbergdalsbreen, som helt sikkert er viktige for en god modellering av endringer for Tunsbergdalsbreen i fremtiden. Der er flere forskningsprosjekter på gang som har planer om bruk av det samme helikopter radarsystem, og finner vi penger til ytterligere målinger i et samarbeid med disse, så ønsker vi å søke nasjonalparkstyret om muligheten til å måle i de nordlige områdene også (prioritet 2 på figur 6). Med mindre der er tekniske problemer, så involverer målinger med helikopter radarsystemet ikke landinger innenfor nasjonalparken. Jeg velger allikevel å søke om muligheten for 1 landing per flyving, i tilfelle av tekniske problemer under datainnsamlingen, men forventer altså ikke at det blir aktuelt.

Vi ønsker også å søke om muligheten for å supplere målingene som allerede er gjort på Tunsbergdalsbreen med nye målinger utført med et annet sett antenner som penetrerer spesiell dyp is. Som det ses på figur 5, så klarte våre målinger i 2022 ikke å trenge igjennom de veldig høye istykkelsene langs deler av breen, og der er som følge derav huller i datasettet i de dypeste områder. Da Tunsbergdalsbreen er en av de viktigste breer å få modellert korrekt i JOSTICE prosjektet, så håper vi at vi kan forbedre disse målingene. Vi søker derfor om løyve til en rekognoseringstur med 2 snøscootere for å sjekke årets kjøreforhold i de bratteste deler av ruten, og deretter 1 – 2 dages feltarbeid med 2 – 3 snøscootere innenfor fokus området angitt på figur 7. Om alt går bra kan vi samle inn alle målinger i løpet av en dags feltarbeid. Da vi kjørte i dette området i 2022, har vi god erfaring med ruten. Disse målinger ønsker vi å utføre så tidlig som mulig i perioden mars til april.



Figur 7. Fokusområde for målinger med snøscooter og forslag til rute.

Oppsummert, så ønsker jeg på vegne av NFR forskningsprosjektet JOSTICE (prosjekt nummer: 302458) å søke om løyve til følgende aktiviteter innenfor Jostedalsbreen nasjonalpark:

1. Måling av istykkelse med helikopter radarsystem i april, herunder:

- 1 – 2 dages feltarbeid med forslag til ruter i sør (1. prioritet på figur 6) og nord (2. prioritet på figur 6)
- Mulighet for opptil 2 landinger med helikopter innenfor nasjonalparkens grenser

2. Måling av istykkelse med snøscooter i mars eller april innenfor fokusområdet vist på figur 7, herunder

- 1 dags rekognoseringstur med 2 snøscootere
- 1 – 2 dages feltarbeid med 2 – 3 snøscootere»



Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark.
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark.
- Naturmangfaldlova.

Verneforskrift og verneformål

Kapittel III: Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle, inkludert landing med luftfartøy og lågtflyging mindre enn 300 m over bakken, er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark (verneforskrifta kapittel IV, pkt. 4.1).

Forvaltingsstyresmakta kan likevel gje løyve til motorferdsel i samband med vitskaplege granskningar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon, jf. kapittel IV, punkt 4.3. Følgjande skal leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i utvalssak 05/2016 delegert mynde til nasjonalparkforvaltar til å treffe vedtak i saker som gjeld løyver etter verneforskrifta kapittel IV, pkt. 4.3.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

JOSTICE har også i føregåande år søkt og fått motorferdselløyve i samband med feltarbeid på Jostedalsbreen. Det er eit stort forskingsprosjekt som ser på heilskapen mellom breen, klima, natur og samfunn. Eitt av hovudpunkta i prosjektet er å kartleggje istjukklikeken og topografien under breoverflata. Etter to vellukka feltsesongar, der også metodane har vorte betra, ønskjer JOSTICE å samle inn data/få betre data på nokre stader på breen. I tillegg har dei i samarbeid med Norsk Bremuseum fått midlar til detaljstudie av kva som skjedde med eit fly som styrta på Bøyabreen. Resultata frå prosjektet vil vere av både vitskapleg- og forvaltingsinteresse.

I verneforskrifta til Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel 4, punkt 4.3 står det at forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til mellom anna motorferdsel i samband med vitskaplege granskningar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon. JOSTICE stettar desse krava. Vidare i forvaltningsplanen står det i retningslinjene for forskning og undervisning (kap. 7.3.12): «Forskning og undervisning i Jostedalsbreområdet er positivt og nyttig, men forskning og undervisning må ikkje gå ut over verneverdiane og verneinteressene.»



Platåbrear er på Norsk raudliste for naturtypar for 2018 vurdert som sårbar. Jostedalsbreen er den største breen på fastlandet, og såleis godt eigna for mange undersøkingar. For å kunne ta vare på og forvalte områda på og rundt breen er det viktig å ha kunnskap om området.

Fråværet av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Sjølv om det samla sett er lite motorferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark, er det av omsyn til verneføremålet viktig å avgrense ferdsla til det som er strengt naudsynt.

Nasjonalparkforvaltninga har ved handsaming av tidlegare søknader frå JOSTICE vore i kontakt med miljøavdelinga hos Statsforvaltaren i Vestland, Statens Naturoppsyn og kontakta Gunnar Bergo, som har arbeidd direkte med kartlegging av hekkelokalitetar til rovfugl, for å avklare eventuell effekt av motorferdsel på dyrelivet i dei omsøkte områda (nml § 8). For å unngå unødig forstyring av dyreliv vert det sett som vilkår at løyvet er gjeldande til og med 28. april og at ein ikkje strekk løyvet lenger ut i mai månad. Etter nasjonalparkforvaltaren si oppfatning ligg det føre tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og kva effektar tiltaket vil ha på dette mangfaldet. Føre-var-prinsippet får difor lita vekt i saka, jf. naturmangfaldlova § 9, ei heller § 11. Helikopter og snøskuter er naudsynte hjelpemiddel til arbeidet (nml § 12). Sjølv om tiltaket isolert sett i liten grad vil påverke naturlandskapet, må den einskilde søknaden vurderast etter prinsippet om samla belastning (naturmangfaldlova § 10). Nasjonalparkforvaltaren kan ikkje sjå at denne saka saman med dei andre dispensasjonane som er gitt i dette området samla sett vil føre til uheldig belastning. Nasjonalparkforvaltaren føreset at køyretraseane som er skildra i søknaden vert nytta under køyringa.

Løyvet er avgrensa i tid og stad. Hovudprioritet er flyging ein dag i sørlege delar av Jostedalsbreen. Dersom det er midlar att ønskjer prosjektet å ein dag med flyging med radar også i nordlege deler. Om det tekniske utstyret fungerer som det skal, vil det ikkje vere naudsynt med landingar innanfor vernegrensa. Vidare ønskjer prosjektet meir og betre data på det viktige fokusområdet kring Tunsbergdalsbreen. Då vil ein ha ein dag med rekognosering om det mogleg å køyre, og maksimalt to dagar med feltarbeid med radar.

Av omsyn til folk som ferdast på Jostedalsbreen, bør det setjast vilkår om at den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro. HVL bør unngå motorisert ferdsel i helgene og påska. Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaka til ikkje å vere i strid med verneføremålet.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, med i heimel i kapittel IV, punkt 4.3, tredje strekpunkt i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, løyve til Høgskulen på Vestlandet til motorisert ferdsel med snøskuter, lågtflyging med helikopter og landing med helikopter i Jostedalsbreen nasjonalpark i samband med innsamling av forskingsdata i JOSTICE-prosjektet.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

Den motoriserte ferdsla skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, ta omsyn til dyreliv og folk på tur i området, og den skal gjennomførast mest mogeleg



konsentrert i tid.

Løyvet gjeld for perioden fram til og med 28. april 2023.

Løyvet gjeld ikkje påske, søndagar og andre heilagdagdar..

Løyvet til snøskuter gjeld for tre snøskuterar i inntil tre dagar innanfor fokusområde som er avmerka i kartet på søknad (figur 7).

Løyvet til lågtflyging med helikopter for radarmåling gjeld for to dagar. Lågtflyginga skal så langt det let seg gjere følgje innteikna rute i kart i søknad (figur 6).

Tal landingar med helikopter innanfor vernegrensa er sett til 2.

Eventuelle avvik frå innteikna rute skal avklarast med forvaltar.

Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen eller nasjonalparkforvaltar skal varslast før flyging og køyring med snøskuter, og forvaltar kan utsette flyging i særleg uføresette tilfelle.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg rapport i etterkant av feltarbeidet,

og om de har gjort eventuelle observasjonar av dyr eller spor eller liknande undervegs.

Løyvet gjeld for omsøkt aktivitet etter verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar er ansvarleg for å innhente naudsynte løyver frå Luster, Sogndal, Gloppen, Sunnfjord og Stryn kommune, samt frå grunneigarar.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Trygve Snøtun
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Luster kommune

Stryn Kommune

Sunnfjord kommune

Gloppen kommune

Sogndal kommune

Anne Rudsengen